



Løne Maskin Og Transport As
Strandavegen 500
5710 Skulestadmo

Dykkar ref.

Vår ref.
26/89 - 10

Dato
03.07.2026

Vedtak vedr. ureining og forsøpling på gbnr 77/3 Hefte

VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradsstyre 28.2.2023 vert det gjort følgjande vedtak:

- Klage frå Lars Løne/Løne Maskin og Transport, mot vedtak av 26.02.2026 om opprydding og fjerning av avfall/ureine massar på gnr./bnr. 77/3 på Hefte, vert avvist, jf. forvaltningslova § 33 annet ledd, jf. § 31.
- Vedtak av 26.02.2026 om opprydding og fjerning av avfall/ureine massar på gnr./bnr. 77/3 står ved lag.
- Frist for gjennomføring av pålegget vert sett til 15.08.2026.
- Voss herad vedtek tvangsmulkt etter forureiningslova § 73. Dersom pålegget ikkje er oppfylt innan 15.08.2026, vil det iversettast ei tvangsmulkt på kr 50 000 og løpande 1 000 per dag frå og med 16.08.2026 og fram til pålegget er oppfylt.
- Voss herad vil gjennomføre synfaring på eigedomen onsdag 19.08.2026 kl. 12.30. Synfaringa vert gjennomført for å kontrollere om pålegget er oppfylt.

Klagerett: Dette er eit einskildvedtak. Jamfør forvaltningslova §§ 27-36 kan dette vedtaket påklagast. Eventuell klage skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast Voss herad seinast 3 veker etter at klagaren er gjort kjend med vedtaket.

DOKUMENT I SAKA

DOK 26/89 -9 Svar på pålegg om opprydding og søknad om utsatt frist for dokumentasjon – gbnr. 77/3

DOK 26/89 -5 Pålegg om opprydding og varsel om tvangsmulkt gbnr 77/3, Lars Løne, dagsett 26.2 2026

DOK 26/89- 7 Svar på dykkar ref. 26/89-4. Epost frå Lars Løne, sendt 20.februar, om at han er ukjent med at dyrkingssløyvet frå 2021 er utgått m.m.

DOK 26/89-6 Vedr. tilbakemelding på varsel om vedtak, frist 16.2 2026 –Svar til Lars Løne som bed om utsetting av frist for tilbakemelding til 16.februar. Dagsett 13.2 2026

DOK 26/89- 4 Varsel om vedtak om opprydding etter dumping av ureine massar på gbnr 77/3 Hefte, dagsett 30.jan 2026. Frist for tilbakemelding er sett 16.februar.

DOK 26/89-3 Rapport synfaring Vidar Hefte gbnr 77/3, 12.des 2025

DOK 20/07673-15 Vedr. utført bakkeplanering, gbnr. 77/3 på Hefte. Godkjenning av dyrkingstiltak med vilkår om krav om tilbakeføring av ulovlege tiltak innan 1.juni 2022.

BAKGRUNN FOR SAKA:

I desember 2025 fekk Voss herad uromelding om at det var tilført ureine massar til gbnr 77/3 på Hefte. 18 desember 2025 var sakshandsamar og rådgjevar for natur og miljø på synfaring. Der vart det dokumentert at det vart tilført massar som var ureine omtalt slik: *synleg bygningsavfall, betong, asfalt med meir, delvis tildekt av massane*.

Tiltaket er å sjå i samanheng med tidlegare aktivitet på eigedomen, registrert i 2020:

I samband med ulovlege tiltak på gbnr 77/3 på Hefte vart det gitt stoppordre for graving og tilføring av massar før tiltaket var komme i orden, oktober 2020. Det var oppgitt at aktiviteten var ein ledd i plan om nydyrking av innmarksbeite, og tiltaket var i regi av Lars Løne som hadde leigejorkontakt på eigedomen og slik tilgang til eigedomen. Grunneigar Vidar Hefte var inneforstått med tiltaket. Etter pålegg om stans søkte Lars Løne om løyve til nydyrking/bakkeplanering og fekk tilslutt godkjenning på vilår for opparbeiding av 2 daa innmarksbeite. Vilkåra for godkjenninga var m.a. at ulovlege tiltak vart retta innan ein frist. Frist for å gjennomføre tiltaket og var sett til 1.juni 2022.

Tiltak som var lista var m.a. fjerning av massar og tiltak nærare enn 6 meter frå bekken, inkludert tilbakeføring av mur som var påbegynt inntil vassdraget og over eit kulturminne.

30.januar 2026 var det sendt varsel om vedtak til Løne Maskin og transport om opprydding etter dumping av ureine massar på gbnr 77/3 Hefte, med frist for tilbakemelding 16.februar.

13.februar bad Løne munnleg om utsett frist til 20.feb. Voss herad svara på dette i brev form (dok. 26/89-6). I dette svaret var det understreka at dyrkingsløyvet frå 2021 ikkje ville vere gyldig etter 1.juni 2022, dersom vilkåra for vedtaket ikkje var oppfylt.

20. februar skriv Lars Løne i ein e-post at massane skal nyttast til tiltak på gardsvegen og til nydyrking. *Det skal sjølvstøtt ikkje gravast ned bygningsavfall, betong, asfalt med meir. Dersom det er komme den type avfall, skal det leverast til godkjent mottak.*

26.2.2026 gav Voss herad pålegg om opprydding innan 1.juni og varsel om tvangsmulkt, med klagefrist på tre veker.

16.juni 2026 mottok Voss herad tilsvar frå Løne der han skriv at han ønsker å bestride og avvise heradets påstand om at dei tilførte overskotsmassane langs gardsvegen er å sjå på som forureina masser i henhold til forureiningslova. For å dokumentere dette og avkrefte påstanden om forureining, vil han sjølv ta representative prøver av massane og sende disse til laboratorium for analyse. På denne måten ønsker han å bringe de faktiske forholda på det rene gjennom konkrete målingar. Løne skriv at det tar noko tid å administrere prøvetaking, få analysesvar fra laboratoriet og samanstilling av dokumentasjonen, så han kjem ikkje til å ha dette klart omgåande. Han skriv også at «ettersom det opprinnelige varselet i saken heller ikke ble mottatt av oss i tide, ber vi om forståelse for at dette krever noe utvidet tidsrom.» Han ber Voss herad om at fristen for gjennomføring og innsending av dokumentasjon vert forlenga/utsett til 15. august 2026.

Lars Løne ber også om at eventuell iverksetting av tvangsmulkt eller andre sanksjoner vert stilt i bero inntil analysesvara er klare og heradet har hatt høve til å vurdere den nye dokumentasjonen.

Avslutningsvis vert det ved om ei felles synfaring på området etter 15.08.2026, når arbeidet er utført.

Lovgrunnlag nytta i saka:

Etter forureiningslova § 28 må ingen tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan verke skjemmande eller vere til skade eller ulempe for miljøet. Den som har brote forbodet, skal sørgje for nødvendig opprydding.

Etter forureiningslova § 37 kan kommunen gi pålegg om at den som har etterlate, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, skal fjerne avfallet eller rydde opp innan ein fastsett frist.

Etter forureiningslova § 73 kan forureiningsmynde fatte vedtak om tvangsmulkt for å sikre at reglane i lova eller vedtak i medhald av lova vert gjennomførte. Tvangsmulkt kan fastsetjast når brot på lova eller vedtak i medhald av lova er oppdaga. Tvangsmulkta kan byrje å løpe dersom den ansvarlege ikkje rettar forholdet innan den fristen forureiningsmynde har sett.

Etter forvaltningslova § 29 er klagefristen tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket har kome fram til parten. For den som ikkje har motteke underretning, løper fristen frå det tidspunktet parten har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket.

Etter forvaltningslova § 31 kan ei klage som er sett fram etter klagefristen, likevel takast under behandling dersom parten eller fullmektigen ikkje kan lastast for å ha oversete fristen, eller dersom det av særlege grunnar er rimeleg at klagen vert prøvd. Ved vurderinga skal det også leggjast vekt på om endring av vedtaket kan føre til skade eller ulempe for andre.

Etter forvaltningslova § 33 skal underinstansen avvise klaga dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje ligg føre.

Etter forskrift om nydyrking § 4 kan nydyrking berre skje etter plan godkjend av kommunen. Dersom nydyrking ikkje er sett i verk innan tre år etter at godkjenning er gitt, fell løyvet bort. Etter forskrift om forureining kap. 4 § 4-4 er det søknadsplikt for anlegg av planeringfelt og mottak av massar.

VÅR VURDERING

Voss herad mottok varsel om deponering av ureine massar desember 2025 og gjennomførte synfaring 18. desember. I samanheng med synfaringa vart det klart at det var tilført ureine massar med funn av bygningsavfall, asfalt, betong med meir. Dette er uønskt plassering av noko som framstod som næringsavfall og det vart sendt varsel til Lars Løne om rydding av forholda, jf. prinsipp i ureiningslova om at den som ureinar er plikta til å rydde.

Lars Løne har tilgang til eigedomen gjennom ei jordleigeavtale med grunneigar Vidar Hefte, inngått i 2019. I 2020 vart heradet gjort merksam på at det pågjekk graving og nydyrking på gbnr 77/3 på Hefte. Nydyrking er søknadspliktig og set krav til korleis dette kan gjennomførast, m.a. avstand til vassdrag. Heradet gav då ordre om stans inntil forholda var komme i orden. Lars Løne søkte om løyve til nydyrking av 2 daa innmarksbeite. Tiltaket vart sakshandsama og løyve gitt på vilkår om retting av feil, med frist for gjennomføring 1. juni 2022. Nydyrkingsvedtaket var sendt på Altinn 25.10.2021.

1. Vurdering av klagefristen

Vedtak om opprydding og fjerning av avfall/ureine massar vart fatta 26.02.2026. Vedtaket inneheldt opplysning om klagerett og klagefrist på tre veker.

Voss herad mottok klage/tilsvar frå Lars Løne 16.06.2026. Dette er vesentleg seinare enn tre veker etter vedtaket av 26.02.2026.

Lars Løne har vist til at det opphavlege varselet i saka ikkje vart motteke i tide. Voss herad legg likevel til grunn at klagefristen knyter seg til vedtaket av 26.02.2026, ikkje til varselet av 30.01.2026.

Ut frå opplysningane i saka kan ikkje Voss herad sjå at Lars Løne ikkje kan lastast for at klagefristen er overskride. Heradet viser mellom anna til at det har vore dialog i saka, vedtaket vart omtala i Avisa Hordaland og me er kjend med at du i vår har vore på synfaring med grunneigar og drøfta løysingar for opprydding på eigedomen. Voss herad legg difor til grunn at klagen er sett fram etter utløpet av klagefristen.

2. Vurdering etter forvaltningslova § 31

Sjølv om klagefristen er overskride, skal heradet vurdere om klagen likevel bør takast under behandling etter forvaltningslova § 31.

Voss herad kan ikkje sjå at det ligg føre opplysningar som tilseier at Lars Løne ikkje kan lastast for at klagefristen er overskride. Heradet kan heller ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar som gjer det rimeleg at klagen vert prøvd no.

Det er lagt vekt på at klagen er motteken lang tid etter at vedtaket vart fatta, og etter at fristen for gjennomføring av pålegget var gått ut. Det er også lagt vekt på at saka gjeld opprydding av avfall/ureine massar, og at vidare utsetjing vil kunne føre til at eit ulovleg forhold vert ståande over lengre tid.

Voss herad finn etter dette ikkje grunnlag for å ta den forseinka klagen under handsaming etter forvaltningslova § 31. Klagen vert difor avvist, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd.

3. Vurdering av massane og behovet for opprydding

Under synfaringa 18.12.2025 vart det dokumentert at massane inneheldt mellom anna synleg bygningsavfall, asfalt, betong og liknande. Voss herad vurderer dette som avfall/ureine massar som ikkje kan nyttast til nydyrking, jordforbetring eller opparbeiding av innmarksareal.

Lars Løne har opplyst at han ønskjer å ta prøver av massane for å avklare om dei er forureina. Voss herad presiserer at eventuelle analyseresultat ikkje vil vere avgjerande for vurderinga etter forureiningslova §§ 28 og 37. Grunnlaget for pålegget er at massane inneheld synleg avfall, mellom anna bygningsavfall, asfalt og betongrestar. Sjølv om prøver av jordmassane ikkje skulle vise overskriding av normverdiar for forureina grunn, endrar ikkje dette at avfall ikkje kan etterlatast eller nyttast på denne måten.

Dersom prøver viser at massane også inneheld forureining over aktuelle grenseverdiar, kan dette få betydning for vidare handtering, levering og eventuell etterbruk av massane. Det endrar likevel ikkje plikta til å rydde opp i avfall som er etterlate eller oppbevart i strid med forureiningslova § 28.

4. Ansvar for opprydding

Lars Løne/Løne Maskin og Transport har hatt tilgang til eigedomen gbnr 77/3 på Hefte gjennom jordleigeavtale med grunneigar og vedkjenner seg tilføringa av massane til eigedomen

Heradet vurderer difor Lars Løne/Løne Maskin og Transport som ansvarleg for opprydding etter forureiningslova §§ 28 og 37.

Ved vurderinga er det lagt vekt på at Løne Maskin og Transport er ei profesjonell verksemd. Som profesjonell aktør må verksemda vere kjend med krav til handtering av avfall og overskotsmassar, og med at massar som inneheld bygningsavfall, asfalt, betongrestar og liknande må handterast på forsvarleg måte og leverast til godkjent mottak.

5. Nydyrkingsløyvet

Lars Løne har vist til at massane skal nyttast til tiltak på gardsvegen og til nydyrking. Voss herad viser til at tidlegare løyve til nydyrking vart gitt på vilkår, med frist for gjennomføring og retting innan 01.06.2022. Jf. Nydyrkingsforskrifta § 4: Er det og krav til gjennomføring og er ikkje nydyrking iverksett innan tre år etter at godkjenning er gitt, fell løyvet vekk.

Voss herad legg til grunn at tidlegare nydyrkingsløyve ikkje er noko grunnlag for vidare tilføring eller bruk av massar på eigedomen. Skjerpande i denne samanhengen er at massane inneheld avfall som bygningsavfall, asfalt, betong og liknande som ikkje er eigna til nydyrking eller forbetring av innmarksareal.

6. Ny frist for gjennomføring

Lars Løne har bede om utsett frist til 15.08.2026 for gjennomføring og innsending av dokumentasjon. Voss herad vurderer at det, ut frå formålet om faktisk opprydding, kan givast ein ny og endeleg frist for gjennomføring.

Heradet legg vekt på at ei kort utsetjing kan bidra til at pålegget vert gjennomført på ein forsvarleg måte, og at det kan vere naudsynt for å få tid til å organisere opprydding og levering av avfall/massar til godkjent mottak.

Ny frist for gjennomføring vert difor sett til 15.08.2026. Heradet presiserer at fristutsetjinga ikkje inneber at pålegget vert trekt attende eller at me tek klagen til handsaming. Fristutsetjinga gjeld berre tidspunktet for gjennomføring av oppryddinga.

Det vert ikkje lagt opp til ytterlegare fristutsetjing med mindre det kjem fram heilt særlege forhold som Voss herad ikkje kunne ta høgd for på vedtakstidspunktet.

7. Tvangsmulkt

Voss herad vurderer at det er naudsynt å fastsetje tvangsmulkt for å sikre gjennomføring av pålegget.

Formålet med tvangsmulka er ikkje straff, men å sikre at oppryddinga vert gjennomført innan fastsett frist. Me legg vekt på at forholdet har på gått over tid, og at fristen for gjennomføring av det tidlegare pålegget allereie er overskride. Det er difor behov for eit effektivt pressmiddel for å sikre at avfallet/massane vert fjerna.

Tvangsmulka vert sett til kr 50 000 og deretter kr 1 000 per dag. Mulka vert iverksett frå og med 16.08.2026 dersom pålegget ikkje er oppfylt innan 15.08.2026. Mulka går fram til pålegget er oppfylt.

Me vurderer at storleiken på tvangsmulka står i rimeleg forhold til saka sitt alvor, omfanget av oppryddinga og behovet for å sikre gjennomføring. Det er lagt vekt på at den ansvarlege er ein profesjonell aktør, og at opprydding av avfall/ureine massar er eit tiltak som må prioriterast.

8. Felles synfaring

Lars Løne har bede om felles synfaring etter 15.08.2026. Voss herad vil gjennomføre synfaring onsdag 19.08.2026 kl. 12.30.

Formålet med synfaringa er å kontrollere at pålegget er oppfylt, og eventuelt avklare vidare oppfølging dersom det framleis står att forhold som må rettast.

Voss herad vil sende eiga innkalling til synfaringa.

Konklusjon:

Klagen på vedtak av 26.02.2026 er motteken etter utløpet av klagefristen. Voss herad har vurdert om klagen likevel skal takast under behandling etter forvaltningslova § 31, men finn ikkje at vilkåra er oppfylte. Klagen vert difor avvist.

Vedtaket om opprydding og fjerning av avfall/ureine massar på gnr./bnr. 77/3 står ved lag.

Ny frist for gjennomføring av pålegget vert sett til 15.08.2026. Dersom pålegget ikkje er oppfylt innan fristen, vil det iversettast ei tvangsmulkt på kr 50 000 og i tillegg et dagmulkt på kr 1 000 per dag frå og med 16.08.2026 og fram til pålegget er oppfylt.

Felles synfaring mellom partane vert sett onsdag 19.august.

Klagerett

Dette vedtaket er eit einskildvedtak og kan påklagast, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Eventuell klage skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland, men sendast til Voss herad. Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet parten har motteke melding om vedtaket.

Klagen må nemne kva vedtak det vert klaga på, kva endring som er ønskt, og dei grunnane klagen byggjer på, jf. fvl. 32.

Med venleg helsing

Kari Mostad
Tlf: 97997150

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til

Vidar Hefte

Reppavegen 82

5710

Skulestadmo

